

KONTROLLUTVALET I SKODJE KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 16.11.2016, kl. 16.30

Møtestad: Skodje rådhus

Møtet vart leia av Rolf Liebich.

Elles til stades: Inge Øye, Janne Gommesen, Pål Aarsæther
og varamedlem Arnstein Sæthre.

= **4 voterande**

Elise Marie Backlund Stavset hadde forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Skodje kommune møtte ordførar Dag Olav Tennfjord i sak 24/16 og 25/16.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Det vart meldt inn 2 tema under eventuelt.

SAK 22/16

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 08.06.2016

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 08.06.2016 blir godkjent.

SAK 23/16

PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL I SKODJE KOMMUNE

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 08.11.2016 med følgjande innstilling:

Det blir utført ein kontroll av korleis kommunen ivaretek sine eigarinteresser, jf. også behovsvurdering for deltaking og eigarskap i selskap som følgje av kommunereformen.

Arnstein Sæthre føreslo eit punkt 2 som lydde slik:

Kontrollutvalet ber kommunestyret utarbeide eigarskapsmeldingar for dei selskapa kommunen er medeigar i so snart som råd. Dette tilleggspunktet vart saman med den framlagte innstillinga samrøystes vedteke.

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling er følgjande:

1. Det blir utført ein kontroll av korleis kommunen ivaretek sine eigarinteresser, jf. også behovsvurdering for deltaking og eigarskap i selskap som følgje av kommunereformen.
2. Kontrollutvalet ber kommunestyret utarbeide eigarskapsmeldingar for dei selskapa kommunen er medeigar i so snart som råd.

SAK 24/16

PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON I SKODJE KOMMUNE

1. Saksdokument frå kontrollutvalgsekretariatet datert 16.11.2016 med følgjande innstilling: Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å føreta prioriteringar innan forvaltningsrevisjon slik som å vedta enkelte undersøkingar, om nødvendig også på andre område enn dei som er nemnt i planen .
2. Kommunestyret tek for øvrig saka om plan for forvaltningsrevisjon 2017 – 2020 til orientering.

Arnstein Sæthre sette fram forslag om utsetting. Det vart ikkje votert over dette, men ingen av dei andre medlemmane la fram ønskje om dette.

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

1. Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å føreta prioriteringar innan forvaltningsrevisjon slik som å vedta enkelte undersøkingar med utgangspunkt i ROS-analyse for Skodje kommune.samt innspel frå kommunestyret.
2. Kommunestyret tek for øvrig saka om plan for forvaltningsrevisjon 2017 – 2020 til orientering.

SAK 25/16

**KONTROLLUTVAL/SEKRETARIAT, REVISJON OG
KOMMUNESTRUKTURREFORMEN**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 08.11.2016

Ordfører Dag Olav Tennfjord svarte på spørsmål om arbeidet i styringsgruppa for kommunane Ålesund, Skodje, Sandøy og Ørskog.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 26/16

EIGENVURDERING AV UAVHENGIGHEIT FRÅ REVISOR

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 08.11.2016

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 27/16

GJENNOMGANG AV MØTEBØKER (Saka kom opp under eventuelt)

Pål Aarsæther orienterte.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 28/16

NEGATIV OMTALE I BYGDEBLADET 5. NOVEMBER 2016

Ordfører har kontakta kommunestyremedlemmet om at vedkommande tek kontakt med kontrollutvalsleiar og legg fram korleis dette vert handtert vidare overfor kontrollutvalet og media.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Rolf Liebich leiar (sign.)	Inge Øye nestleiar (sign)	Pål Aarsæther medlem (sign.)	Janne Gommesen medlem (sign.)	Arnstein Sæthre varamedlem (sign.)
----------------------------------	---------------------------------	------------------------------------	-------------------------------------	--